



Arkivnr: 2015/4288-1

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Gjestekunstnrbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune - Henvending frå fylkeskutvalet

Bakgrunn for saka:

Fylkesutvalet handsama i møte 26.3.15 sak PS 75/15 «Gjestekunstnrbustader og – ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune» der dette vart protokollert:

«**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, Frp og H fram slik forslag:

1. "Saka vert utsett.

Grunngjeving:

I vedteke budsjett for 2015 skal tildeling til gjesteatelier og Ambrosiahuset haldast tilbake til gjeldande retningsliner eller forslag til slike ligg føre.

Slike retningsliner må vere med i saka når ho vert lagt fram for ny handsaming.

2. Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania."

Røysting

Hellesnes sitt forslag 2 vart vedteke mot 2 røyster (SV, KrF).

Hellesnes sitt forslag 1 vart vedteke mot 1 røyst (KrF).

Vedtak

Fylkesutvalet ber kontrollutvalet sjå på oppfølginga av tidlegare vedtak knytt til leilighet i Covarrubias, Spania.

Saka vert utsett.»

Saksframlegg med vedlegg ligg ved denne saka.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Drøfting:

Kontrollutvalet skal på vegne av fylkestinget føre kontroll og tilsyn med fylkeskommunen si verksemد, m.a. på bakgrunn av vedteken plan for forvaltningsrevisjon. I tillegg til dette kan fylkestinget pålegge kontrollutvalet å gjennomføre kontrollhandlingar som dei ønsker skal verta utført. Fylkesutvalet har ikkje same retten til å pålegge kontrollutvalet å gjennomføre kontrollhandlingar. Sekretariatet er likevel av den oppfatning at det skal gode grunnar til å ikkje vurdere om ein bør gjera noko med denne førespurnaden, på lik linje med førespurnader frå andre. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet diskuterer seg fram til om dette er ei sak som utvalet ønsker å prioritere og i tilfelle kva ein skal gjera med den.

Konklusjon:

Saka vert lagt fram til diskusjon utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Gjestekunstnarbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune
- 2 Samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og regiona Nedre-Normandie ang kunstnarutveksling